



Hella betongprodukter AS  
Galteråsen 6  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/416 - 17/3885

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
03.02.2017

## Ferdigstilling av godkjend forstøtningsmur - gbnr 185/304 Isdal

Lindås kommune viser til samsvarserklæring for arbeid knytt til etablering av forstøtningsmur på gbnr 185/304 mottatt 28.11.2016. Dokumentet er sendt inn av eigar Stig Atle Eide.

Det vart i vedtak datert 24.03.2010 gitt løyve til etablering av forstøtningsmur på gbnr 185/304, jf arkivsak 09/2356. Hella betongprodukter AS er ansvarleg søker, prosjekterande og utførande. Vi forstår det slik at tiltaket er ferdigstilt.

Søknadspliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest som vert skriva ut av plan- og bygningsstyresmaktene når det ligg føre naudsynt sluttdokumentasjon om ferdigstilling frå ansvarleg søker. Sluttdokumentasjonen skal visa at tiltaket er utført i samsvar med løyvet og bestemmelsar i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Kommunen kan ikkje skriva ut ferdigattest på grunnlag av mottatt samsvarserklæring. Vi ber om at det vert sendt inn søknad om ferdigattest med nødvendig dokumentasjon. Saka vert handsama så snart dette ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Kopi til:**

Stig Atle Eide

Orresteinen 27

5916

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Hella betongprodukter AS

Galteråsen 6

5916

ISDALSTØ